

Hei !

Viser til tilsend informasjon om utarbeiding av reguleringsplan for Kubbaleitet, Isdalstø, og informasjon gitt på møte på Lindås Rådhus 19. mars i år.

Planområdet femner om g.nr. 137 b.nr. 49/94 som tilhører mor mi, Karen Orvedal. På hennar vegne har eg nokre synspunkt på korleis nemnde eigedom skal forvaltast.

Først vil eg gjere merksam på veggrunnen som bind sjødelen av b.nr.49 saman med tomte øvst i feltet. Det er fleire grunneigarar som har vegrett her; blant dei naust-tomtene som er skilde ut frå b.nr. 49. Reknar med de er interessert i å få bort denne korridoren gjennom reguleringsfeltet. Før denne veggrunnen kan disponerast til andre føremål må alle som har rettar knytt til veggen ha fått alternative løysingar som dei aksepterer, og rettane må formelt slettast som hefte på b.nr.49.

På sjø-delen av b.nr. 49 ynskjer vi at det i planen skal teiknast inn naust, så mange og store arealet tillet.

Hovudvegen inn på planområdet går langs grensa til b.nr. 49. Ut frå det de forklarte på møtet på rådhuset ser det for meg ut som de treng meir areal for å utvide veggen til den standarden styresmaktene krev. Dersom dette stemmer og planen er å ta av b.nr. 49, reknar eg med at de snart tek kontakt for å klargjere kor stort areal som trengst og korleis det eventuelt kan kompenserast for.

Før vi tek stilling til korleis b.nr. 49/94 konkret skal delast opp treng vi meir informasjon om korleis nærmaste delen av "Sommerro" er tenkt bygd ut og kvar eigedomane våre får vegutløysing. Vi har nokre idear om korleis veggen bør leggest, men er ikkje sikre på om de tenkjer på same måten. Håper det er mogeleg å ta ein diskusjon på dette før planarbeidet har kome så langt ar det blir vanskeleg å gjere endringar.

Til sist i denne omgang gjer eg merksam på at vi ikkje vil ha skjemmande bygningar framføre (sør og vest for) tomtene slik at utsikta blir øydelagd. Det er difor vår førestetnad at det i hus-rekkjene nærmast vår eigedom berre blir bygd hus med ein etasje over noverande bakkenivå.

Som nemnt håpar eg det bli høve til å få innsyn i og påverke planarbeidet under vegs. Ta gjerne kontakt for å utveksle synspunkt pr. telefon eller e-post.

Helsing

Kjell A. Orvedal

Seimsstranda 286

5912 SEIM

tlf. 93049327